



# FORVALTNINGSPLAN FOR KOSSDALEN

Foto: Osterøy kommune

## SAMANDRAG

I 2021 kom det ein henvending til Osterøy kommune om at ein mur var rast ned i Kossdalen, og at Mjøsdalen IL ynskja midlar til å reparere muren. I åra som har gått, har Idrettslaget skipa interesseorganisasjonen «Vener av Kossdalen», og starta eit vedlikehaldsarbeid basert på råd frå tradisjonshandverkaren Kjetil Monstad. Denne forvaltningsplanen skal vere styringsverktøy for korleis vi skal ta i vare og utvikle området, i påvente at området blir lagt i omsynssone og får eigne føresegner gjennom Plan- og bygningslova § 11-5. Osterøy kommune understrekar at dette ikkje er ein plan som er omfatta av plan- og bygningslova.

## Innhold

Innhold .....	1
Innleiing.....	2
Overordna mål med omsyn og vedlikehald .....	2
Aktuelt lovverk .....	3
Områdeskildring .....	4
Verdiar i naturmangfaldet .....	4
Verdiar i jordbruk, skogbruk og beite .....	6
Verdiar i kulturlandskap og kulturhistoriske verdier .....	6
Verdiar i reiseliv.....	7
Verdiar i friluftsliv .....	8
Verdiar i grunneigarinnsats og «Vener av Kossdalen» .....	8
Status på vegen .....	8
Vurdering.....	10
Tiltak.....	11
Vedlikehaldstiltak .....	11
Reperasjonstiltak .....	12
Utviklingstiltak .....	13
Avslutning.....	13

## Innleiing

Kossdalen ligg på nordvestsida av Osterøy, mellom Svenheim- og Hosangerbygda. Kossdalsvegen er den gamle bygdevegen mellom Hosanger og den midtre delen av Osterøy, og strekker seg gjennom heile dalen.


Forvaltningsplanen skal vere eit verktøy for å ta i vare området, slik at vegen blir halden ved like og området kan nyttast til turar og aktivitetar, samstundes som naturmangfaldet og kulturminna blir sikra. Planen skal samle dei relevante fagområda som gjeld i denne samanhengen, gje retningslinjer for vedlikehald av vegen, samt vise mogelegheitsrommet for tiltak med omsyn til naturmangfald og kulturminneforvaltning. Målet er å legge til rette for ein berekraftig bruk av området som ikkje påverkar naturen eller kulturminna på ein måte som gjer at dei får midlertidige eller varige endringar som øydelegger kulturminnet eller naturmangfaldsverdiane. Dette er ei utfordring som vi ventar vil auke i åra som kjem, fordi Kossdalssvingane har blitt eit reisemål for både regionale, nasjonale og internasjonale gjestar.

### Overordna mål med omsyn og vedlikehald

Hovudmålsetting med forvaltningsplanen er at området får retningslinjer som gjer at det vert teke i vare og vidareutvikla som kulturminne- og naturmangfaldsområde, som friluftsarena og som reiselivsdestinasjon. Det er òg viktig å ta i vare grunneigarinteressene, som handlar

om ved, beite og fiske, i planen. Bruk og vern skal balanserast, og bruken skal vere berekraftig. I tillegg skal den samle tiltaka som grunneigarar, Vener av Kossdalen og Osterøy kommune er samd om bør gjennomførast i området, og på den måten vere med på å bidra til ei gjensidig forventningsavklaring mellom aktørane.

I 2022 var det fleire synfaringar i Kossdalen, med representantar frå kulturminneavdelinga i Vestland fylke, og med Statsforvaltaren i Vestland med tanke på naturmangfald. Synfaringane var uformelle, men har gjeve Osterøy kommune



informasjon om geografiske område i dalen som forvaltningsplanen må ta i vare. Bilete viser

kva område planen omfattar. Det er per i dag ikkje aktuelt å kartfeste planen sitt nedslagsfelt. Dette fordi dette må gjerast formelt via Kommuneplanen sin arealdel.

## Aktuelt lovverk

<b>Lovverk</b>	<b>Formålsparagraf</b>
Lov om friluftslivet (friluftsloven)	<i>Formålet med denne loven er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre almenhetens rett til ferdsel, opphold m.v. i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, trivselskapende og miljøvennlig fritidsaktivitet bevares og fremmes.</i>
Plan- bygningslova og	<p><i>Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.</i></p> <p><i>Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.</i></p> <p><i>Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig.</i></p> <p><i>Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsigte løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives. (§1)</i></p>
Lov om forvaltning av naturens mangfold	<i>Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur (§ 1)</i>
Lov om vassdrag og grunnvann	<i>Denne lov har til formål å sikre en samfunnsmessig forsvarlig bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvann.</i>
Motorferdsellova	<i>Formålet med denne lov er ut fra et samfunnsmessig helhetssyn å regulere motorferdselen i utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen. (§ 1)</i>
Lov om skogbruk	<i>Denne lova har til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen. (§ 1)</i>
Lov om jordbruk	<p><i>Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.</i></p> <p><i>Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.</i></p> <p><i>Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltinga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter (§ 1).</i></p>

## Områdeskildring

Kossdalen er unik på det vis at det kombinerer kulturminneverdier (ein gamal ferdselsveg frå før Kossdalsvegen vart bygd og ein mogeleg gravhaug), eit teknisk kulturminne frå slutten av 1800-talet (Kossdalsvegen), naturmangfald med fleire typar mose, skog og sopp som er utrydningstrua, samt gode mogelegheiter for friluftsliv og fysisk aktivitet.


Kombinasjonen av alt dette gjer at Kossdalen i tillegg er i ferd med å bli ein attraktiv reiselivsdestinasjon.

### Verdiar i naturmangfaldet

Det er eit stort naturmangfald i Kossdalen. Kossdalselva og Holaelva sørger for at dalen er frodig og at fleire sjeldne planter og mosar veks der. Nokre av desse er raudlista (utrydningstrua) artar. Det krev høg kompetanse å identifisere og kjenne att ulike typar mose, sopp og skog, og vite om disse er raudlista/utrydningstrua eller ikkje. I prinsippet kan alle inngrep i natur potensielt vere skadelege og/eller gjere uoppretteleg skade. Dette gjeld inngrepa i seg sjølv, og at ein ved inngrep kan komme til å innføre framande artar som kan fortrenga andre artar og naturtypar frå området. Det medfører at det er eit «føre var»-prinsipp som må gjelde.

Områda rundt Kossdalsvatnet vart registrert i 2011-2012 (Holtan 2013<sup>1</sup>). Det vert i kartlegginga vist til at Kossdalen er kjent som det området på Osterøy som har best vekstforhold for artar som er utrydningstrua. Det er registrert fleire utrydningstrua artar i området kring Kossdalsvatnet, mellom anna ål og gråspett.

Det er tre registrerte naturtypar i området rundt Kossdalsvatnet. Naturkartleggingar, som dei fylkesmannen i Hordaland gjennomførte, tek utgangspunkt i naturtypar og potensialet for funn av raudlisteartar.



<sup>1</sup> Holtan, D. 2013. Supplerande kartlegging av naturtypar i Osterøy kommune. Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 3/2013

Området har òg gode forhold for utrydningstrua lav og mose, og det er stort sannsyn for funn av sopp i området.

Område i kart	Naturtype	Verdi	Artstype	Kommentar
1	Rik sump-, kjelde- og strandskog	Svært viktig	Gul buktkrinslav	
2	Rik blandingskog i låglandet	Viktig		Området har eit bra potensial for å finne raudlista artar, utgjer eit fint supplement til dei andre skogane i området og utviklar seg raskt i retning mot å bli ein eldre naturskog.
3	Rik blandingskog i låglandet	Svært artsrik, varierte vegetasjonstypar	Boreonemoral blandingskog	Ein bør vente funn av sjeldne eller raudlista soppar i området.

Mykje tråkk utanfor vegen kan medføre därlegare vekstforhold for dei trua artane. Allemandsretten gjev løyve til fricamp, og i små mengder er ikkje dette ei utfordring. Utfordringar kjem dersom dei same områda vert nytta i så stor grad at naturen vert påverka, eller at dei som fricamper ikkje har forståing for allemandsplikten. I tillegg kan tilretteleggingstiltak som vert gjort i området i beste mening, som drenering og påfylling av grus, påverke naturmangfaldet.



Vassdraga som går ned over Kossdalen munnar ut i Mjøsvågen i Osterfjorden. I Kossdalsvatnet er det ferskvatnfisk som regelmessig vandrar til fjorden på næringssøk og tilbake til ferskvatn for gyting ([www.snl.no](http://www.snl.no) 120123). Hosangervassdraget har få inngrep der fisken vandrar, og er en produktiv sjøaurebekk. Det er nokre få område i elva der det er laga kanalar, og det er etablert ein kulp nedst i vassdraget.

Kossdalselva vert truleg i mindre grad påverka av vedlikehaldstiltak av turvegen. Det er likevel verdt å vere medveten om at bekken har kvalitetar som gjer at den bør takast omsyn til, og at det eksempelvis ikkje er hensiktsmessig å bruke bekken for å dumpe eventuelt overskot av stein og grus. Lokale fiskarar opplyser om at det til no har vore for mykje fisk i elva.

## Verdiar i jordbruk, skogbruk og beite

Det er aktiv landbruksdrift i området. Per i dag er det gårdsdrift med geit, samt produksjon av honning og geitost. Det er berekraftig at grunneigarane fortsett å bruke Kossdalen som jordbruk-, skogbruk- og beiteområde. Det er særleg hensiktsmessig at det vert fokusert på hogst av grantre som hindrar effektiv grøfting av vegen, samt uttak av gran med mål om å føre kulturlandskapet nærmest vegkanten tilbake til slik det var når vegen vart bygd. Dersom grunneigarar vel å ta ut graner i stort omfang, er det ønskelig at pålagt reetablering gjennom *Lov om skogbruk* er ordinær granskog. Osterøy kommune ber grunneigarane ta kontakt dersom ein går i gang med uttak av gran utover eit belte på 5 meter frå vegskuldra.

Det er observert «styvingstre» i området. Dette er edellauvtre (ask, selje) som ein tidligare kutta av så pass langt oppe at dyr ikkje kunne spise på dei. Då veks det opp tynnare stammer som dei kunne bruke til å hauste av. Det vart til før til dyrene og emner til reiskap. Dersom ein kjem over denne type tre i hogstarbeid, bør dei få stå att.



## Verdiar i kulturlandskap og kulturhistoriske verdier

Kossdalsvegen vart bygd i åra 1881-1897 som ein del av vegsambandet Mjøs-Fitje. Heile vegstrekninga var ferdig i 1897, og partiet som omfattar Kossdalssvingane, var ferdig i 1888. Lengda på strekninga gjennom skaret der svingane ligg, er om lag 360 meter. Frå ei høgd på 75 m.o.h stig vegen i 17 slyngar til ei høgd av 175 m.o.h. Stigninga er 27 % i gjennomsnitt. Til samanlikning er stigninga i Stalheimskleivane 20 %. Vegen er om lag 2,5 meter brei. Murane er opp til 6 meter høge. (*Kossdalsvegen Osterøy (1997)*)<sup>2</sup>

Opphavleg tente Kossdalsvegen til å binda gardane Langeland, Svenheim, Grimstad og Haugstveit til Hosanger, der kyrkja låg (ibid). Etter at det kom bilvegsamband fra Fotlandsvåg til Hosanger på 1950-talet, gjekk Kossdalsvegen ut av alminneleg bruk. Den vart då nytta av fotturistar, syklistar og traktorar (ibid).

Hårnålssvingane er av ein slik karakter at Statens vegvesen og Vegmuseet reknar dei som verneverdige, og dei har oppfordra Osterøy kommune å sørge for at vegen blir tatt i vare som kulturminne. Per dags dato har ikkje vegen eit formelt vern gjennom Plan- og bygningslova eller Kulturminnelova, men vegen vil verte foreslått lagt inn i omsynssone i den neste arealplanen til kommunen.

I *Nasjonal verneplan for vegminner*<sup>3</sup>, er det lista tre ulike segn frå området:

- I den 10. svingen, sett oppifrå, er det ein heller som heiter *Lammastøkken*. Den skal arbeidarane ha brukt til overnatting.

<sup>2</sup> «Kossdalsvegen Osterøy. Statens vegvesen og Osterøy kommune (1997).

<sup>3</sup> Nasjonal verneplan for vegminner, Kossdalen Reg.nr V1253-001

- Lenger nede er det ei berghylle med mykje småstein på. Tidlegare generasjonar hadde moro med å kasta Stein på hylla når dei gjekk forbi, og sjå om steinen vart liggjande.
- Om vinteren tok ein seg fram over isen på Kossdalsvatnet. Ei segn fortel at eit brurefølgje var på veg til kyrkja på Hosanger, men heile følgjet gjekk gjennom isen. På folkemunne vert det vidare sagt at «*når sola skin på vatnet, skal ein kunne sjå at det blenkjer i brurekrona*».

Den eldre kløvvegen som vart avløyst av Kossdalsvegen, er synleg fleire stader i skaret, og nede i dalen. Den er steinsatt, men går meir i flukt med terrenget samanlikna med køyrevegen. Fylket har vore på synfaring i samråd med berørte grunneigarar, og registrerer den eldste vegen i Askeladden<sup>4</sup>.

Det har over tid vore antyda at det ligg ein gravhaug ovanfor den sørlege enden av Kossdalsvatnet (ibid). Den er meldt inn til fylket, som etter synfaring vurderer at det moglegvis er ein gravhaug. Nærare undersøkingar er naudsynt for å stadfeste dette.

### [Verdiar i reiseliv](#)

Visit Norway skriv på sine nettsider at deira prinsipp for eit berekraftig reiseliv, mellom anna inkluderer å bevare natur, kultur og miljø på følgjande måte:



#### **1. Kulturell rikdom**

Å respektere, videreutvikle og fremheve lokalsamfunnets historiske kulturarv, autentiske kultur, tradisjoner og sær preg.

#### **2. Naturmangfold**

Å bevare og videreutvikle landskapskvalitet, både for by og bygd, slik at landskapets fysiske og visuelle integritet ikke degraderes.

#### **3. Klimautslipp og klimatilpassing**

Å støtte bevaringen av naturområder, dyreliv og habitater, og minimere ødeleggelsear av disse.

#### **4. Rent miljø og ressurseffektivitet**

Å minimere reiselivsbedrifters og turisters forurensing av luft, vann og land (inkludert støy), samt og minimere genereringen av deres avfall og forbruk av knappe og ikkefornybare ressurser.

([www.visitnorway.com](http://www.visitnorway.com) 120123<sup>5</sup>)

Dei siste åra har bygdefolket i Hosanger hatt fokus på å skape eit levande lokalsamfunn, med til dømes Mjøsvågen kafé, Hosanger treskoverkstad, Mjøsvågen landhandeli, den flytande badstova Flabellina, og tilgang til gjestekai. Prinsippa for eit berekraftig reiseliv er fulgt i dette

---

<sup>4</sup> Askeladden er ein database der ein registrerer kulturminner.

<sup>5</sup> [10 prinsipper for et bærekraftig reiseliv \(visitnorway.com\)](http://www.visitnorway.com) 120123

arbeidet. Det har gjort at reiselivsaktørar som Visit Osterøy og Visit Bergen aktivt marknadsfører dalen som turistmål, og Kossdalssvingane har dei siste åra etablert seg som turmål både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Mellom anna [www.ut.no](http://www.ut.no), [www.visitosteroy.no](http://www.visitosteroy.no), og [www.visitbergen.no](http://www.visitbergen.no) har omtalar av Kossdalssvingane på sine nettsider.

### Verdiar i friluftsliv

Kossdalssvingane er eit område med gode mogelegheiter for å telte, gå på tur, fiske og på andre måtar vere ute i naturen. Dalen er lett tilgjengeleg i form av handikapparkering på Hosangersida, men vegen tilfredsstiller ikkje krava til universell utforming. Friluftslova gjev alle lov til å ferdast med hensyn i området, men det er ein del vilkår som ein må følgje. Vilkåra handlar om å ferdast mest mogeleg sporlaust og om å ta omsyn til grunneigarar.

Osterøy turlag og Osterøy revmatikarlag er i prosess for å sette opp gapahuk på vegen inn i Kossdalssvingane. Mjøsdalen Idrettslag eig ei tomt i området, og ynskjer å lage ein aktivitetspark på denne tomta.

### Verdiar i grunneigarinnsats og «Vener av Kossdalssvingane»

Grunneigarane i området, heile vegen frå Svenheim til Mjøsvågen, har over fleire tiår lagt ned ein stor innsats som gjer at Kossdalssvingane har den verdien den har med tanke på naturmangfald, kulturminne, friluftsliv, jordbruksaktivitet, skogbruk og beite. Osterøy kommune og Statens vegvesen bidrog til arbeidet over lang tid, med tilskot og fagleg rettleiing. Dei siste 10 åra har Mjøsdalen IL og grunneigarar i stor grad stått med ansvaret aleine. Det er vorte gjort mykje riktig, og dei er ein kjemperessurs i det vidare arbeidet. Det å fortsette å legge til rette for at grunneigarane kan bruke dalen, og at dei kan arbeide effektivt gjennom å kombinere bruk av maskinkraft og handarbeid, er med på å legge til rette for at vi saman klarer å ta i vare området for framtidige generasjonar. Mjøsdalen IL og dei seinare åra «Vener av Kossdalsswingane» har etablert krefter, og spesielt svingane har dei siste åra fått ein oppgradering (frå gjengrodd sti til turveg) som gjer at det vert teke godt i vare. Dette er ressursar som bør takast godt i vare i framtida.

### Status på vegen

Vegen er mykje brukt som turveg, men ikkje nok til å hindre at vegetasjonen kryper inn frå sidene (Monstad 2021)<sup>6</sup>. Midten av vegen ligg lågare på grunn av mose, gras og tuer på vegskuldra. Grøftene er i stor grad gjengrodd, noko som medfører at dei ikkje fungerer som dei skal. Vatnet kjem i staden ut i vegbana, og følgjer denne nedover. I styrtregn vert grusen skylt vekk (ibid). Enkelte stadar har vegetasjonen fått så sterkt feste at røttene har vokst seg inn under grusen i vegen (bilde). Å reinske skog i eit fem meters belte ut frå



<sup>6</sup> Tilstandsvurdering og tiltak, Kossdalsswingane. Kjetil Monstad 2021

vegen, samt å fjerne røttene, er vurdert som ikkje meldepliktig etter § 11 i Skogbrukslova.

Vener av Kossdalen starta allereie i 2021 arbeidet med å reinske murane for mose, basert på første synfaring av Kjetil Monstad. Han skreiv følgjande i rapporten:

*Det positive er at ein kan oppdaga skadar før dei vert omfattande, medan det kan ordnast opp i med liten innsats og små inngrep. Dersom ein ikkje reinskår murane, vil neste suksjonstrinn vera at tre finn rotfeste i denne vegetasjonen. Røttene vil då finna veg inn i murverket. Når trea så lener seg utover, og svaier i vind og storm, vil røttene virka som eit kubein inn i muren. Ein vil difor førebyggja framtidig skade ved å reinska murane for vegetasjon.*

(Monstad 2021)



I ei ny synfaring 28. april 2023 var dette arbeidet fullført, og resultatet er blitt veldig godt. Det medfører at ein no ser murane tydelig langt framme i dalen. Kulturminnet er blitt teke fram att i dagslys, og det er lett å følgje med skader og utglidinger, for å lettare kunne vedlikehalde. Det som nå bør prioriterast høgt, er å fjerne skog i ei gate som går 5 meter ut frå vegskuldra på kvar side. Det viktigaste strekket å gjere dette på, er dei partiene der røttene på trea er i ferd med å grave seg under vegen. I praksis er dette eit parti på nokre titalsmeter rett før svingane startar. Dette arbeidet er krevjande, og må utførast av personar med høg kompetanse på skogbruk, enten formell kompetanse eller realkompetanse. Trea må fellast parallelt med vegen, fordi det å felle dei over vegen vil medføre høg risiko for ytterligare skade.

Det er ingen tvil om at vedlikehaldstiltaka vil etterlate seg avfall. Fram til no, har det vorte tippa i ein av dei nedste svingane. I ei kulturminne- og naturmangfaldfagleg vurdering, er ein kome fram til at det ikkje er hensiktsmessig å fortsette å ha tippdeponi i Kossdalen. Det er sterkt ynskjelig at overskotsmassar vert teke ut frå dalen (ibid).

I ein rapport om korleis bruk påverkar vegar og stiar, vert det vurdert at det er ulik slitasje mellom dei som går, syklar, rir eller køyrer med motoriserte køyretøy. Feltarbeidet rapporten bygger på, tyder på små forskjellar i slitasjen mellom sykkel og ferdsel til fots (Evju m.fl.

2020)<sup>7</sup>. I ei handbok frå Riksantikvaren om *Gamle vegar og vegfar* (2021<sup>8</sup>), vert det likevel anbefalt følgjande:

*«Selv om det ikke er vitenskaplig undersøkt, tyder erfaring fra forskjellige veggistoriske prosjekt på noen generelle trekk. Syklister gir fort bremsemerker og spor etter hard tråkking i bakker og vått terreng, mens vandrere tilpasser seg lokale forhold i terrenget bedre. Ridende har et større marktrykk og setterdyptere spor. Til gjengjeld er det vanligvis langt færre hester enn syklister og vandrere som bruker (ein) veg (...).»*

I det vidare marknadsføringsarbeidet og bruken av vegen, har ein difor alt å vinne på marknadsføre det som ein turveg som er best eigna for gåande.

## Vurdering

Vener av Kossdalen melder om auka ferdsel i dalen dei siste åra. Auka ferdsel og bruk krev større medvit om korleis ein skal leggja til rette for frilufts- og reiselivsinteresser, samstundes som ein praktiserer Friluftslova og tek omsyn til naturmangfold og kulturminne.

Friluftslova med allemannsretten og allemannsplikta legg føringer som gjer det vanskeleg å avgrense besøkstalet i dalen. Marknadsføring, bevisst gjennom ulike kjelder i Visit Norway, eller uformelt gjennom sosiale media, gjer at besøkstala kan vere i ferd med å auke til eit nivå der slitasjen på turvegen blir for stor eller naturen i dalen tar skade. Dette kan vere ei stor utfordring for grunneigarar og lokalmiljø, spesielt på Svenheimsida der det ikkje er tilrettelagt for auka trafikk på den lokale vegen eller parkeringstilhøva er gode nok. Å utvide parkering her vil enten vere i strid med kulturminnelova eller i strid med landbruksinteresser.

Osterøy kommune vurderer at tilkomst kun bør bli marknadsført til å vere frå Mjøsvågen sida, fordi ein då kjører på ein fylkeskommunal veg som er betre eigna enn den smale kommunale vegen opp til Svenheim. Vidare er det mogelegheit for parkering ved Hosanger kyrkje, Mjøsvågen landhandleri og parkeringsplassen til Mjøs metall (utanom ordinær arbeidstid). Tilkomsten vidare blir via ein kommunal, asfaltert veg, blant anna gjennom eit gårdstun. Den kommunale vegen går etter kvart over i ein grusveg som vert nytta primært som turveg, samt at den gjev tilgang til eigedommane for grunneigarane. Lengst inne er kulturminneverdien høg. Felles for heile dalen er at vurderingar om kva tilretteleggingstiltak som kan utførast må gjerast i forbindelse med omsynssona og føreseggnene her, dersom Herradstyret vel å legge dalen i omsynssone i forbindelse med KPA.

---

<sup>7</sup> Evju, M., Hedger, R., Nowell, M., Vistad, O.I., Hagen, D., Jokerud, M., Olsen, S.L., Selvaag, S.K. & Wold, L.C. (2020). Slitasje og egnethet for stier brukt til sykling. En feltstudie og en GISmodell. NINA Rapport 1880. Norsk institutt for naturforskning

<sup>8</sup> [Gamle veger og vegfar - en håndbok i vern og tilrettelegging - Riksantikvaren](#)

## Tiltak

Tiltaksoversikten summerer opp kva som bør utførast og kven som har ansvar for å gjennomføre. Tiltaka vert delt i tre grupper:

Type tiltak	Formål med tiltakene	Kan utførast av
Vedlikehaldstiltak	Jamnleg vedlikehald og førebygging av skader	Vener av Kossdalen/frivillige
Reperasjonstiltak	Der skader har oppstått	Fagpersonell, eventuelt Vener av Kossdalen under rettleiing frå fagpersonell.
Utviklingstiltak	Utvikle området for å møte ulike behov	Vener av Kossdalen i samarbeid med andre aktørar

### Vedlikehaldstiltak

Vedlikehaldstiltaka er dei løpende førebyggande tiltaka som kan vere med på førebygge større skader. Formålet med disse tiltaka er å hindre at vegen får større skader, og dermed minke reparasjonskostnadene.

Stad	Tiltak	Formål	Utførast av
Heile dalen	Beiting	Forhindre oppvekst av kratt og skog	Grunneigarar som har beitedyr
Langs vegen og på murane	Fjerne vegetasjon	Følgje med på endringar i murane som vil krevje reperasjon før skade har oppstått.	Vener av Kossdalen
Langs vegen, i hovudsak i partiet ved starten av svingane	Skogshogst	Sørgje for at tre vert fjernet for å kunne lage grøfter som leiar vatnet vekk frå vegen	Personar med formell skogdriftkompetanse, evt lang erfaring.
I berget oppover svingane	Fjerne tre	Minke rasfare	Vener av Kossdalen – må vere personar med klatrekompesanse/erfaring.
Heile vegen	Gruse		Vener av Kossdalen
Heile vegen	Fjerna vegetasjon	Sikra at grøftene og stikkveitene er opne	Vener av Kossdalen
Overflødige massar	Fjerne tippmassar	Sikre at punkt på vegen ikkje vert øydelagt av store massar.	Vener av Kossdalen
Svingane	Hindre stabbesteinlar i å rase ut.	Sikre stabbesteinlar som ikkje har rast, frå å rase	Vener av Kossdalen

Kjetil Monstad, tradisjonshandverkar, har utforma retningslinjer om nødvendige reperasjoner på vegen (2023)<sup>9</sup>. I disse skriv han:

*«Ein kombinasjon av maskinbruk og manuelt arbeid med handreiskap, der ein går over med handreiskap til slutt, vil etterlata eit autentisk og tilfredsstillande uttrykk på det utførte arbeidet. (...) Vegbreidde og konstruksjon tilseier at ein truleg bør setja ei øvre grense på omlag 5 tonn. I dei fleste tilfelle vil ein vera betre tent med mindre maskiner enn dette.»*

(Kjetil Monstad 2023)

Osterøy kommune stiller som krav til massane som vert køyrt til skal vere reine frå godkjent anlegg for levering av grus og sand utan giftstoff eller avfall i.

### Reperasjonstiltak

Reperasjonstiltak som krev fagpersonell, vil alltid vere gjenstand for debatt om kven som skal betale. Osterøy kommune vil ha ansvar for å saman med Vener av Kossdalen å søke midlar som kan hjelpe oss å gjennomføre nødvendige tiltak. Å bruke Osterøy kommune sine midlar vil alltid måtte vere siste alternativ, og kun når det er vurdert som heilt nødvendig for å forhindre større skader på veg, område og menneske.

Stad	Tiltak	Formål	Utførast av
Nedst i svingane	Reparere utrast mur	Reinske vekk veggrus og fyllmassar. Plukka vekk det som er naudsynt for å få murt seg inn på ein stødig del av vegmuren.	Vener av Kossdalen med rettleiing frå fagpersonell på handverksarbeid. Sjølve reperasjonen må utførast av fagpersonell.
Nedst i svingane	Sikre eit berg som har sprekker	Forhindre ras	Fagpersonell
Øvst ved Svenheim	Reparere skadd vegparti ved parkering	Forhindre utgliding av veg	Fagpersonell
Opp svingane	Sette opp stabbesteinlar	Sikring mot fall/utforkøyring i vegkanten.	Vener av Kossdalen under rettleiing av fagpersonell
5. svingen	Ordne utrast støttemur	Reparere utrast støttemur	Fagpersonell
8. svingen	Ordne skadd vegparti	Reparere skadd vedparti	Fagpersonell

<sup>9</sup> Retningslinjer for vedlikehald av Kossdalsvegen. Kjetil Monstad 2023

## Utviklingstiltak

Utviklingstiltaka skal sikre berekraftig reiselivsutvikling, og vere med å legge til rette for at grunneigarar ikkje får uforholdsmessig høg slitasje.

Stad	Tiltak	Formål	Utførast av
Svenheim	Sette opp att grind	Kulturhistorisk verdi, evt på grunn av gjerdeplikt dersom det går beitedyr i området	Vener av Kossdalen i samarbeid med grunneigar
Tomt eigmeld av Mjøsdalen IL	Lage aktivitetsanlegg	Legge til rette for eit område der barn kan leike.	Vener av Kossdalen i samarbeid med Osterøy kommune eller BOF
Marknadsføring	Mjøsvågen som tilkomst – skilt frå Lonevåg sentrum?	Skjerme Svenheim, legge til rette for Mjøsvågen som destinasjon	Osterøy kommune Osterøy reiselivslag/Visit Osterøy Vener av Mjøsvågen Vener av Kossdalen Osterøy utvikling
Mjøsvågen + Kossdalen	Informasjonsskilt Skilting om fare osb.	Legge til rette for næringsutvikling i Mjøsvågen	Osterøy kommune Osterøy reiselivslag/Visit Osterøy Vener av Mjøsvågen Vener av Kossdalen Osterøy utvikling
Kossdalen	Utabeide besøksstrategi	Få på plass ein plan for ivaretaking av natur- og kulturminneverdiane samstundes som ein legg til rette for gode opplevingar for besökjande og bærekraftig jord/skogbruk i området.	Osterøy kommune Vener av Kossdalen Osterøy utvikling Osterøy reiselivslag

## Avslutning

Det er per i dag ein trend med auka besøkstal i Kossdalen. Vi har lite påverknadskraft til å regulere dette, men vi bør så langt det går forsøke å påverke utviklinga slik at området ikkje tek skade av trafikken. Reiselivslaget vil i nær framtid sette opp besøksteller for å følgje med på utviklinga, men denne telleren vil ikkje gje oss svar på forholdet mellom lokale, regionale, nasjonale og internasjonale gjestar.

Kossdalen kan vere med på å skape arbeidsplassar i reiselivet på Osterøy, både heilårleg og sesongbasert. Samtidig må vi ta i vare grunneigarane som får gåande og køyrande inn på sine

eigedommar, kulturminneverdiane, naturmangfaldet og alle ostringar som framleis brukar vegen som ein del av sitt daglegliv.